



ROVVILTNEMND I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:
2019/10523

Arkivnr.:

Dato:
09.05.2019

Forvaltningsplan for rovvilt i region 1 på høyring

Rovviltnemnda i region 1 sender med dette ut på høyring revidert forvaltningsplan for rovvilt. Frist for innspel og eventuelle merknader er **20. juni 2019**.

Rovviltnemnda vedtok i møte 6. mai 2019 å legge ut den reviderte forvaltningsplanen til offentlig høyring (sak 04/19). Planen blir sendt ut til næringsorganisasjonar og natur- og miljøorganisasjonar i region 1, til alle kommunane i regionen, fylkeskommunar og fylkesmenn.

Krava til utarbeiding av forvaltningsplan for rovviltregionane er skildra i *forskrift om forvaltning av rovvilt § 6*. Det spesielle med region 1 er at heile regionen er prioritert for beitebruk, og det er ikkje bestandsmål for dei fire store rovdyra. Planen skal normalt rullerast ein gong kvar valperiode.

Rovviltnemnda er oppteken av god dialog med organisasjonane og tek imot innspel på alle tema i planen. Etter høyringa skal planen til fagleg gjennomsyn i Miljødirektoratet før rovviltnemnda gjer endeleg vedtak om godkjenning.

Fråsegner kan sendast til Fylkesmannen i Vestland. E-post: fmvlpost@fylkesmannen.no eller postadresse: Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

Høyringsfrist: 20. juni 2019. Vi oppmodar dei høyringspartane som har fylkeslag til å samordne sine innspel i regionen der det er mogleg.

Med helsing

Aleksander Øren Heen
leiar for rovviltnemnda

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Utkast til revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 1

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Vestlan
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Aleksander Øren Heen
Naddvik, 6885 Årdalstangen
Telefon: 91134842

aleksander.heen@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/vl>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

Adresseliste/høringsliste:

- Fylkesmennene i region 1
- Fylkeskommunane i region 1
- Kommunane i region 1
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Sogn og Fjordane sau og geit
- Agder Bondelag
- Vest-Agder sau- og geit
- Rogaland bondelag
- Rogaland sau- og geit
- Hordaland bondelag
- Hordaland sau- og geit
- Naturvernforbunda i region 1
- WWF
- Foreningen Våre Rovdyr
- NOAH - for dyrs rettigheter
- Norges Miljøvernforbund